HERØY kommune

Vår referanse: 24/2141 26/13588
Saksbehandlar: Ole Magne Rotevatn
Dato: 09.06.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
61/26	Utval for samfunnsutvikling	16.06.2026

Skiltplan for Fosnavåg - oversending til statens vegvesen

Samandrag:
I arbeidet med områdereguleringsplan for Fosnavåg har det blitt arbeida parallelt med ein skiltplan som har til hensikt å rydde i køyre- og parkeringsmønsteret i Fosnavåg.

Prosessen med skiltplanen starta med ønske om å få sette ned fartsgrensa gjennom sentrum og for å få fylkesvegen forkøyrsregulert og tok samstundes tak parkeringssituasjonen.

Norconsult har bistått kommunen med arbeidet og vi har hatt fleire møter der MRFK og SVV har delteke. Den siste versjonen av skiltplanen er den som er sendt på ei uformell høyring til SVV og MRFK. Den uformelle høyringa vart gjort for å få luka bort flest mulige uklarheiter før den formelle høyringa vert gjennomført.

Skiltplanen tek utgangspunkt i dagens situasjon slik at ein kan realisere løysingane straks dei er vedtekne.

Utval for samfunnsutvikling 16.06.2026

Behandling:

Avdelingsleiar for utvikling Ole Magne Rotevatn orienterte og svarte på spørsmål i saka.
Avdelingsleiar for anlegg og drift Fred Arnesen orienterte og svarte på spørsmål i saka.
Kommunalsjef for samfunnsutvikling Marit Sævik Leinebø svarte på spørsmål i saka.

Margareth Leinebø (H) kom med slikt tilleggspunkt: Under loket skal ikkje være korttidsparkering.
Mathias Dybvik (Frp) kom med slikt endringsframlegg: En tar en ny runde på antall korttidsparkeringplasser. da forlaget som ligger føre har for høyt antall.

Røysting (8 røysteføre):
Kommunedirektøren si tilråding vart vedteken mot 1 røyst. Mathias Dybvik (Frp) røysta for sitt endringsframlegg.

Margareth Leinebø (H) sitt tilleggspunkt vart samrøystes vedteken.

USU - 61/26 Vedtak
Utval for samfunnsutvikling vedteke at skiltplanen, slik den ligg føre, vert sendt til Statens vegesen for vidare handsaming.
Under loket skal ikkje være korttidsparkering.

Kommunedirektøren si tilråding:
Utval for samfunnsutvikling vedteke at skiltplanen, slik den ligg føre, vert sendt til Statens vegesen for vidare handsaming.


Saksopplysningar:
Etter Forskrift om offentlig trafikkskilt, vegoppmerking….(Skiltforskriften) § 29 er det Statens Vegvesen som har mynde å fatte vedtak for skilt som gjeld fylkesveg eller vegar som kryssar fylkesveg. Det ligg soleis til til Statens Vegvesen å sakshandsame kommunen sitt forslag til skiltplan.

I arbeidet med skiltplan har det blitt jobba ut eit forslag som styrer trafikale løysingane og også kvar kommunen bør etablere korttidsparkering og langtidsparkering.
Enkelte områder i Fosnavåg er også privat parkering til handelsbedriftene sine kundar, td. Meny og Sparebanken Møre.


Forslaget er å innføre parkeringssoner i sentrum, og med det altså få meir tydelege parkeringsreglar. Det er i forslaget lagt inn parkeringssone i sentrum nord for Kjøpmannsgata, inkludert Tollåsbakken. Det same gjeld Gerhard Voldnes veg. Det er med ny skiltplan ikkje lov å parkere andre stadar enn der det er skilta parkering med blå "P". Enkelte parkeringsplassar har tidsavgrensning på 2 timar, andre har ingen avgrensning.

Vurdering og konklusjon:
Arbeidet med skiltplan har foregått over lang tid og det har vore mange møter og avklaringar med regionale myndigheiter for å både avklare tolkningsspørsmål i lovverket og førehandsuttale til skiltplanen.

Skiltplanen tek utgangspunkt i dagens situasjon slik at ein kan realisere løysingane straks dei er vedtekne.



Slik skiltplanen no er utforma blir det ein ryddigare parkeringssituasjon i Fosnavåg der parkeringsplassane blir skilta innanfor “parkeringssona” og området som ligg utanfor vert markert med “parkering forbode” med unntak av der det er skilta. Sjå utsnitt under.



Forslaget er tett knytt til områdereguleringsplanen for Fosnavåg så i dei tilfeller der utval for samfunnsutvikling har drøfta eller vedteke at enkelte områder skal vere fri for parkering så vil denne skiltplanen følgje opp dette.

I praksis betyr det at td. Vågsgata så vert det kun lovleg med parkering på nordre side av fylkesvegen(mot hamna) og at dagens langsgåande parkeringsplassar utanfor Blomster og Gaver og Carat vert parkering forbode. Utanfor desse butikkane har utval for samfunnsutvikling vedteke at det skal etablerast breiare fortau med areal for varelevering. Dette heng saman med opprusting av Vågsgata der både kommunen og fylkeskmmunen vil ha interesse av å forbetre køyreforholda når ein kjem til Fosnavåg.

Kommunedirektøren rår til at utval for samfunnsutvikling vedtek å sende skiltplanen til Statens vegvesen for vidare oppfølging.

Likestillingsmessige sider ved saka: Opprydding og betring i parkeringstilhøva kan gje betre tilgang til parkeringsplassar nært handelen for dei som har nedsett funksjonsevne.
Konsekvensar for folkehelsa: Ingen kjende konsekvensar for folkehelsa.
Miljøkonsekvensar: Opprydding i parkeringstilhøva og fjerninga av tosidig parkering kan gje betre forhold for syklande og potensielt fleire syklar til og frå sentrum enten det er for handel eller arbeid.
Økonomiske konsekvensar: Potensielt positiv konsekvens for handelen i Fosnavåg ved at dei mest attraktive parkeringsplassane vert ledig oftare.
Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende konsekvensar for beredskap.
Konsekvensar for barn og unge: Opprydding av parkeringstilhøva kan ha noko positiv konsekvens ved at bybildet blir lettare å lese for barn og unge og dermed tryggare.

Trond Arne Rossi Aglen	Ole Magne Rotevatn
Kommunedirektør	Avdelingsleiar utvikling